ALVER
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Katem Byggtjenester AS
Råtun 45C
5239 RÅDAL

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Trygve Solberg | 13.05.2020 |
| Vår: 20/8637 - 20/27835 | trygve.solberg@alver.kommune.no | |

# Ferdigattest tilbygg fritidsbustad - gbnr 235/2 Heltveit

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 496/20** |
| **Tiltakshavar:** | Petter Berge |
| **Ansvarleg søkjar:** | Katem Byggtjenester AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om ferdigattest |

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til fritidsbustad på gbnr 235/2.**
**Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 13.08.2019. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.04.2020.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Heltveitvegen 81 |
| Bygningstiltak: | Tilbygg fritidsbustad |
| Bygningsnummer: | 176301430-1 |
| Bruksareal: | 17m$^2$ |
| Avlaup: | Privat |

| | |
|---|---|
| Vatn: | Privat vassforsyning |

**Regeleverk**

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/8637

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Katem Byggtjenester AS | Råtun 45C | 5239 | RÅDAL |
| Petter Berge | Fanahammeren 61 A | 5244 | FANA |